

## Felles programstyre for lektorutdanninga

### Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

#### Møte 4 2023

Tidspunkt: 14. juni, 2023, kl. 10.00 – 12.00

Møtestad: Studieavdelinga, Langes gate 1-3

#### Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Sissel Undheim (settevara, HF-AHKR), Jorun Nyléhn (MN), Åsta Haukås (HF-IF), Lars Petter Storm Torjussen (PF-5LU), Liv Eide (PF-PPU), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug skole), Monica Håkonsli (VLFK), Ragnhild Lie Anderson (HF-nordisk), Katrine Aske (FIL), Hilde Beate Selbervik (observatør, fagleg praksiskoordinator) og Ranveig Lote og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

#### Meldt forfall:

Katharina Sass (SV), Frode Ulvund (HF-AHKR), Steinar Sætre (vara, KMD), Sigrid Thorsen Baarnes (FIL), Didrik Aamold (FIL) og Roald Valle (UiB Videre, observatør).

#### Forslag til dagsorden:

##### I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

##### II Godkjenning av protokoll frå møtet 10. mai

Protokollen blei godkjend.

**Saker til eventuelt:** Diverse tilbakemeldingar frå programstyreleiar

#### Vedtaksaker

##### **Sak 32/23 Lektorutdanningskonferanse 2024**

Det vart presisert at fokus i lektorutdanningskonferansen må vere på den nye studiemodellen som skal implementerast hausten 2024. I den samanhengen kom felles programstyre med følgande innspel til moglege tema på neste lektorutdanningskonferanse: praksisrelevante forhold ved ny studiemodell og spørsmål knytt til internasjonalisering, praksis og rekruttering. Komiteen bør ha fokus på at innhaldet i konferansen har interesse i skjeringsfeltet mellom UiB og skulen.

Det kom ei presisering av punkt om programkomitear: Det er snakk om tre ulike komitear for tre ulike arrangement: sjølvle lektorutdanningskonferansen, open dag og forskingsdagen.

#### **Vedtak**

- 1) Programstyret vedtek at lektorutdanningskonferansen i 2024 vert arrangert i veke 6 eller 7 ut i frå ledig kapasitet hos aktuell arrangementsstad.
- 2) Programleidingane, gjennom representantane i felles programstyre, har ansvar for å finne komitémedlemmer til Lektorutdanningskonferansen, Open dag og

Forskingsdagen for eitt år i gangen. Komitémedlemmene blir melde inn til lektorsenteret innan 1. september.

- 3) Lektorsenteret inviterer årleg representantar frå fagutvalet for integrert lektorutdanning (FIL) til komité for Open dag og representantar frå skulen til programkomité for Lektorutdanningskonferansen.

### Drøftingssaker

#### **Sak 33/23 Budsjettnspel for 2024**

Felles programstyre er positiv til programstyreleiar sitt ynskje om å markere 20-års jubileum av lektorutdanninga ved UiB i 2024. Ei markering av dette om hausten vil òg markere iverksettinga av ny modell for lektorutdanninga ved UiB. Ved ei slik markering (1-2 dagar) vil arrangering av Forskingsdagen gå ut dette året.

#### **Sak 34/23 Internasjonalisering i lektorutdanninga ved UiB**

Innspel og kommentarar som kom fram i møtet:

- Tilhøva for å legge til rette for utveksling ser betre ut i ny modell.
- Ein kan vurdere om utveksling kan skje i 7. semester i ny modell.

Medlemmene både ser og støttar behovet for å utarbeide eigne lektortilpassa «utvekslingspakkar». Felles programstyre støttar forslaget om å opprette ei arbeidsgruppe som kan jobbe med forbetringar i utveksling for lektorstudentar, som t.d.:

- Bidra til betre kunnskapsgrunnlag bl.a. gjennom å gå gjennom studentevalueringar og invitere studentar til fokusgruppeintervju for å hauste mest mogleg erfaringar frå studentane sjølve, både positive og negative.
- Starte arbeidet med å utarbeide eigne utvekslingsavtalar/pakkar for lektorstudentar.
- Kartlegge prosessen med godkjenning av emne og utarbeide forslag til retningsliner for utveksling og godkjenning av emne.
- Gi innspel til felles programstyre om utvekslingsordningar i ny modell.

Ei slik arbeidsgruppe treng både administrative og faglege medlemmer, kor dei administrative kan rekrutterast frå LUA. Lektorsenteret vil setje i gang eit slik arbeidsgruppe og be fakulteta om medlemmer.

### Orienteringssaker

#### **Sak 35/23 Redesign**

I profesjonsfagseminaret 6. juni vart det jobba med programkart for pedagogikk og fagdidaktikk. Gruppearbeida som vart gjennomført var fagspesifikke, og hadde fokus på fire emne: a) det faglege innhaldet i fagdidaktikk og pedagogikk, b) samanheng og progresjon mellom emna i fagdidaktikk og pedagogikk, c) samdrift mellom profesjonsfagsemna, d) koplinga mellom profesjonsfag og praksis.

Dato for neste seminar, som vil ha fokus på samspelet mellom praksis og resten av utdanninga: 5. september

Ein oppdatert tidsplan vil komme på lektorsenteret sine sider.

Felles programstyre tek saka til orientering.

### **Sak 36/23    Nytt frå praksisutvalet**

Det er laga utkast til emnebeskrivingar for praksis og kampusdagar (+ innplassering), som praksisutvalet kunne kommentere på i førre møte. Medlemmene i praksisutvalet vil i tillegg ha ein gjennomgang av emnebeskrivingane med fagmiljøa og tilbakemelde til utvalet ei veke før praksisseminaret.

Felles programstyre tek saka til orientering.

### **Sak 37/23    Rekruttering i lektorutdanninga ved UiB**

Felles programstyre tek saka til orientering.

### **Sak 38/23    Status programstyremedlemmer**

- Programleiinga for lektor i nordisk: Ragnhild Lie Anderson har forskningstermin til hausten 2024. Vara er Jørgen Sejersted.
- Programleiinga for lektor i framandspråk: Dersom det vert oppretta eit programstyre for lektorprogrammet ved IF er det Sigrid Ørevik som vil stille i staden for Åsta Haukås.
- Fagutvalet for lektorutdanninga (FIL): Ev. endringar i representasjon kjem etter val av nytt styre i september.

### **Sak 39/23    Eventuelt**

*Orienteringar frå programstyreleiaren:*

- Ekstern fagfellesamling: 23.– 24. oktober. Startar til lunsj første dagen. Den første dagen er felles, medan andre dagen er fakultetsspesifikk.
- *Ny i Vestland*, eit samarbeid mellom NLA, HVL og UiB: UiB har ansvar for oppfølginga av nyutdanna lektorar i vidaregåande skule i gamle Hordaland. Det er Institutt for pedagogikk (Iped) som har den operative oppfølginga.
- I Universitetsstyret 15.06 Sak 52/23 er det framlegg om at ein skal utsette evalueringa av ny organisering av lektorutdanninga til 2026. På den bakgrunnen ønskjer ein òg at den faglege leiinga ved lektorsenteret held fram til 2026 og at stillinga som seksjonssjef blir lyst ut som fast stilling.
- *Lærernes dag*: Sak om *Lærernes dag* har nettopp blitt handsama i utdanningsutvalet (UU). UU var positive til planen om å flytte arrangementet tilbake til kampus og til at det i all hovudsak skal arrangerast fysisk.